


Er bustadpolitikken likestilt?



Innhald

Innleiing: side 3
Den bustadsosiale politikken: side 4
Når det personlige blir boligpolitisk
av Madeleine Schultz: side 8
Vil du lære meir?: side 10

Dette temaheftet er ein del av ein serie der Leieboerforeningen har samla ekspertar med fag- eller brukerbakgrunn til å diskutere ulike tema innanfor bustadpolitikken.

Deltakar ved debattmøtet som er utgangspunkt for tekstane i dette heftet er leiar i MIRA-senteret Khansa Ali, forfattar og samfunnsdebattant Madeleine Schultz og leiar i Aleneforeldreforeningen Cathrine Austrheim.



Khansa Ali



Madeleine Schultz



Cathrine
Austrheim

- Hefte 1 handlar om kvifor leigesektoren får så lite politisk merksemd
- Hefte 2 handlar om den bustadsosiale politikken
- Hefte 3 handlar om likestilling i bustadpolitikken
- Hefte 4 handlar om ikkje-kommersielle utleigebustadar

Dei fire temaheftene kan lastast ned frå Leieboerforeningens nettside:
www.lbf.no/ressurser

Prosjektet er støttet av Husbanken

Innleiing

I ei tid der «tradwifes» trendar på nettet, og nokre spør seg om likestillinga har gått for langt, er det også interessant å spørje seg kva for rolle bustadpolitikken har for likestillinga.

I eit likestilt samfunn har alle innbyggjarar like rettigheter og moglegheiter. Noreg er eit av dei mest likestilte landa i verda, men vi lever også i eit land med stadig aukande forskjellar. Dette gjer seg spesielt gjeldande på bustadmarknaden.

Alle har ikkje like rettigheter og moglegheiter til å skaffe seg ein trygg bustad. Utlånsforskrifta setter grenser for kven som kvalifiserar til å ta opp bustadlån, og husleigelova legg opp til leigekontrakter heilt ned i ett år, dersom utleigaren ønsker det. Dette er dømer på lovverk som hindrar likestilling på bustadmarknaden.

Det kan være gode argument for slike lovverk, som at utlånsforskrifta eksisterar fordi det vil medføre for stor gjeldsgrad hvis ein lånetakar skal låne heile kjøpesummen, eller at eitt års minstetid for leigekontrakter i sokkelbustadar eksisterar for å verne bustadeigarar som bur i same hus som leigebuarar. Men likevel bidreg slike lovverk til at nokre av oss ikkje får dei same moglegheitane til ein trygg heim.

Diskriminering og rasisme førekjem i Noreg, som i alle andre land, og bustadmarknaden er ikkje noko unntak. Det er viktig å merke seg at fleire grupper blir utsett for diskriminering på leigemarknaden. Ei undersøkjing frå Samfunnsøkonomisk analyse¹ viser at bustadsøkjjarar med arabisk-klingande namn blir diskriminerte i den norske leigemarknaden.

Det er fleire aspekter ved likestilling i tilknytjing til bustadpolitikken som fortjener meir merksemd. I dette temaheftet har vi fokus på kvinners moglegheit til trygge bustadar. Vi tar utgangspunkt i ei frokostsamtale som Leieboerforeningen arrangerte i samband med Kvinnedagen i 2025. Med oss i samtala

hadde vi leiar i Mira-senteret Khansa Ali, forfattar og samfunnsdebattant Madeleine Schultz og leiar av Aleneforeldreforeningen Cathrine Austrheim.

I heftet finn du også ein tekst skriven til oss av Madeleine Schultz, der ho drar nokre historiske linjer og viser oss kva som står på spel når vi ikkje tar omsyn til kvinner i sårbare posisjonar når vi utformar bustadpolitikken vår.

I etterkant av frokostamtala var det fleire av tilhøyrarane – både kvinner og menn – som ønska å fordjupe seg meir i temaet likestilling i bustadpolitikken. Difor arrangerar Leieboerforeningen eit skrivekurs i 2026 om temaet. På skrivekurset vil vi fokusere på fleire aspekt ved dette temaet enn det som blei diskutert på frokostamtala på Kvinnedagen.

Ta gjerne kontakt med oss dersom du ønsker å delta på kurs.

God lesning!

1) [Diskriminering i leiemarkedet | Samfunnsøkonomisk Analyse](#)

Er bustadpolitikken likestilt?

Sjølv om den særnorske eigarlija har sikra økonomisk velstand for eit stort fleirtal av den norske befolkninga, er det ikkje tvil om at bustadpolitikken vår også er konkurranseprega. Dei av oss med best økonomisk utgangspunkt, kjem godt ut av dette systemet. Andre endar opp med å betale på utleigaren sitt bustadlån i ein leigemarknad prega av høgt konfliktnivå, ufrivillig mobilitet og hyppige leigeauker.

Leieboerforeningen har lenge etterlyst ein meir inkluderande bustadpolitikk enn det vi har i dag. Det betyr ikkje at vi skal erstatte dagens politikk med noko anna, men vi meiner at det er behov for ei utviding av bustadpolitikken for å skape trygge heimar for fleire enn i dag. Mange grupper fell utanfor eigemarknaden. Voldsutsatte kvinner og kvinner med låg inntekt er døme på grupper som står svakt på bustadmarknaden, og i ei frokostsamtale i samband med Kvinnedagen i 2025 utforska vi ulike aspekt ved kvinners moglegheiter for ein trygg heim. Mange kvinner arbeider i lavtlønnsyrker og endar opp med heil eller delt omsorg for barn etter eit samlivsbrot. Fordi det er vanskelegare for einslege forsørgarar å finne ein stad å bu, kan ein risikere å bli værande i ein dårleg relasjon framfor å flytte. Andre klarar det med eit naudskrik. For nokre av desse blir avkall på privatliv og eit eige soverom løysinga. Dersom kvinna klarar å kjøpe ein bustad er ho kanskje redda, men til kva pris? Høge låne- og rentekostnader treff einslege hushaldningar hardt. For dei som ikkje er så heldige, er leigemarknaden det einaste alternativet. Det innebærer låg butryggleik og korte leigekontrakter. Nederst i bustadhierarkiet finn vi dei bustadslause. Kvinner utgjør litt under ein tredjedel av alle bustadslause i Noreg, og heile 22 prosent av desse har blitt bustadslause på grunn av samlivsbrot eller familiekonflikt. Heimslause

kvinner er spesielt sårbare for utnytjing og seksuelle overgrep.¹

Å flytte frå krisesenter

Krisesentra melder om lengre butid enn tidlegare, og samarbeidet mellom krisesenter og kommunale bustadkontor oppgis som ein del av årsaksbiletet. Å ha ein trygg bustad er avgjerande for å bryte ut av eit skadeleg forhold. Madeleine Schultz ga i 2021 ut boka *Morslinjer*. Ho har jobba i Krisesentersekretariatet og kjenner godt til bustadutfordringane knytta til valdsutsatte kvinner. I boka skriv ho om forskning på vald i nære relasjonar, og ho peikar også på samanhengen mellom fattigdom, stress og vald.

”Det at sosioøkonomisk bakgrunn har ein samanheng med vald, er det liten tvil om. Når vi no står ovanfor dei økonomiske etterspela etter ein pandemi, er dette livsviktig kunnskap. For nokre konsekvensar vil ikkje vise seg før om ei stund. Dei vil sive innover oss som ein stille dis, og då må vi være klare. Madeleine Schultz i frokostsamtale i samband med Kvinnedagen på Kafe Saba 5. mars 2025

MIRA-senteret er ein kvinneorganisasjon stifta av innvandarkvinner i 1989. Senteret driv eit rådgjevingstilbod der dei møter kvinner som kan være i akutt krise. Dette kan være kvinner som har vore utsatt for vald, og som treng hjelp og oppfølging. Veldig mange av desse har utfordringar med å kome seg inn på leigemarknaden seinare. Senteret har ofte samtalar med kvinner som er utsatt for vald, men som er bekymra for om dei klarar å flytte.

”Ideelt sett burde ein kunne seie at *i kveld, så går eg, og eg har ein leilighet eg kan flytte til*. Mange er i ein situasjon med akutt fare for livet sitt. Dei siste åra har vi sett meir av at kvinner blir buande på krisesenter etter at

den akutte fara er over, fordi dei ikkje finn ein stad å bu, rett og slett.

Khansa Ali i frokostsamtale i samband med Kvinnedagen på Kafe Saba 5. mars 2025

NRK skriv at bustadkrisa skapar vanskar for mange valdsutsatte² i Tromsø. Der har korttidsutleige som Airbnb og liknande overtatt store delar av leigemarknaden, og kommuna har heller ikkje nok kommunale bustadar. Konsekvensane er store for valdsutsatte kvinner og menn.

Samlivsbrudd, økonomi og omsorg for barn

Tidlegare var det vanleg at born blei buande hos mor etter eit samlivsbrot. Mykje har heldigvis endra seg dei siste åra, men moderne barnefordeling har også sine utfordringar. Lei- ar Cathrine Austrheim i Aleneforeldreforeningen fortel om familievernkontor, advokatar og domstolar som er opptekne av at borna skal bli buande i nærmiljøet etter eit samlivsbrot. Dette kan være utfordrande for kvinner som er økonomisk avhengige av mannen.

”Om lag 50 prosent av einslege småbarnsforeldre på landsbasis er prisgitt leigemarknaden³, fortel Austrheim. Nokre får etterkvart hjelp og flyttar inn i ein kommunal bustad, men majoriteten kvalifiserar ikkje til å få hjelp. Å være i ein slik situasjon skapar eit levkårs-stress som øydelegg mykje. Å ikkje vite kor lenge du kan bu ein stad, å gå på tå hev ovanfor ein husvert, å ikkje føle seg fri i sin eigen heim, det øydelegg så enormt mykje. Mange av våre medlemmar fortel at den dårlege busituasjonen gjer at dei kjenner seg utilstrekkelege som foreldre. Dei søv dårleg om natta, og dei bekymrar seg på dagtid. Dei fortel at dei ikkje er tilstedevæ- ande i hovudet for borna sine. Kvinner står også ofte i lavtlønnsyrker. Helsefagarbeidarar har i praksis ikkje moglegheit til å kjøpe bustad i Oslo. Så likeløn heng tett saman med bustadpolitikk.


Cathrine Austrheim i frokostsamtale i samband med Kvinnedagen på Kafe Saba 5. mars 2025

Korleis kan ein feministisk bustadpolitikk sjå ut?

Har du høyrte om feministisk økonomi, eller til og med feministisk bustadpolitikk? Det fins faktisk teoriar om korleis ein feministisk bustadpolitikk kan sjå ut. Den handlar ikkje om å setje kvinna først, men om å gi like mog- legheiter til alle. Feministisk bustadpolitikk tar omsorg på alvor, og den anerkjenner også at det det å ha omsorg for barn krevjer tid, rom og ressursar. Den anerkjenner at tilknytting til både heimplassen og til andre mennesker er grunnleggjande behov, og den erkjenner at vi ikkje er isolerte individer i konkurranse med kvarandre. Tvert imot anerkjenner ein feminis- tisk bustadpolitikk at vi er avhengige av støtte og omsorg for kvarandre for å byggje gode nabolag der det er trygt og godt å vakse opp, bu og bli eldre.

FAKTA
Ni prosent av leigebuarar er aleineforsørgarar, og to tredjedelar av desse er kvinner, ifølgje Forbru- kerrådet.

Eit døme på feministisk bustadpolitikk her i Noreg, er burettslaget Kollektivet på Hovseter i Oslo.⁴ Burettslaget, som består av tre blok- ker og til saman 160 leiligheter, blei initiert av tre kvinneorganisasjonar på 1970-talet, og oppført av bustadbyggjarlaget USBL. Oslo kommune sto for tomte, noko som sikra rimelege byggjekostnadar. Kollektivet hadde eigen barnehage og ein kafe med fellesmid- dagar fleire dagar i veka, driven på dugnad av bebruarane. Om lag halvparten av dei som flytta inn i Kollektivet var einslege med born, og for det meste kvinner. Kollektivet gjorde det mogleg for einslege mødre å skaffe seg ein god og varig heim, og gjennom dei godt planlagte fellesskapsløysingane i burettslaget, blei det også lettare for aleinemødre å være yrkesaktive.



I dag er det vanskeleg å etablere liknande bustadprosjekter utan kapital. Kommunale tomter selgast dyrt på den opne marknaden, og med høge tomteprisar blir også bustadprisane høge. Kommunene argumenterar ofte med at EØS-avtalen er til hinder for å selge eller feste bort kommunale tomter til ein låg pris, og difor finn vi få nye døme på idealistiske bustadprosjekter.

Gjennom EØS-avtala er Noreg bunde til EU sin bustadpolitikk. No går EU gjennom sitt regelverk for statsstøtte til såkalla *affordable housing*. Regelverket vil kunne få betydning også her til lands.

Er du interessert i feministisk bustadpolitikk, likestilling og diskriminering på bustadmarknaden? Ta kontakt med Leieboerforeningen på lbf@lbf.no dersom du vil delta i skrivegruppe om dette viktige og samansatte temaet.

Noter

- 1) [Kvinner som blir hjemløse bruker andre strategier enn menn](#)
- 2) [Krisesenter i Tromsø har sprengt kapasitet – NRK Troms og Finnmark](#)
- 3) [Over halvparten av enslige småbarnsforeldre leier - SSB](#)
- 4) [7f5.pdf](#)

Når det personlige blir boligpolitisk

Av Madeleine Schultz

«Tradwife» eller «girlboss» – ingen av dem er like akutt som boligpolitikken når det kommer til de store likestillingsutfordringene i Norge i dag.

Jeg overhørte en gang for noen år siden en politiker på venstresiden som skrøyt av sekundærboligen han hadde kjøpt seg for å tjene penger på utleie. «Når markedet først var sånn», hørte jeg han si. Jeg jobbet med norske krisesentre på den tiden og hadde selv erfart hvordan voldsutsatte kvinner ble værende på sentrene i lang tid fordi de ikke hadde noen bolig å gå videre til. Ofte gikk de tilbake til voldsutøver, kanskje spesielt om det var barn med i bildet.

I Norge i 2025 finnes det kvinner som er utsatt for vold, som blir boende med voldsutøver på grunn av det totale fraværet av en sosial boligpolitikk. Eller det finnes kvinner som ikke har råd til å skille seg på grunn av boligmarkedet. Å kjøpe seg bolig er blitt en sport der solidaritet er et ord som ikke eksisterer.

Sårbare kvinner og bolig

Vi har teoretiske forestillinger i dette landet om en sosial utjevningsspolitikk som skal utradere barnefattigdommen, men vi stiller forbausende få spørsmål med det vi driver med på boligmarkedet. Der har vi godtatt prinsippet: Alle for seg. Det finnes knapt visjoner i boligpolitikken, det er boligutbyggerne som styrer gamet, ikke de som trenger et sted å bo. For mange av de aller mest sårbare kvinnene i Norge har det katastrofale konsekvenser.

I 2021 skrev jeg om dette i boka mi *Morslinjer*: «Forskningen om vold i nære relasjoner setter dette inn i et sosioøkonomisk perspektiv: risikoen for at volden kan linkes til sosioøkonomiske faktorer som lav utdanning, lav inntekt og arbeidsløshet, men også mannens yrkesstatus. I en sak på NRK fra høsten 2016 kom det fram at oljekrisen i Rogaland hadde ført til flere familievoldssaker, ifølge krisesenteret i Stavanger: Vi vet at vanskelige økonomiske problemer kan gjøre ting verre. En kan ha hatt mulighet til å kjøpe seg fri fra ting som

alle par krangler litt om. Husarbeid, en har gjerne hatt barnepasser og to biler, og plutselig må en snu på hver krone. Hvis en da har et vanskelig forhold i utgangspunktet, blir det umulig å leve med for mange.

I et kanadisk eksperiment med borgerlønn, som pågikk i den lille byen Dauphin fra 1974 til 1979, var et av resultatene at innleggelsene på sykehus sank med 8,5 prosent under eksperimentets tid. Det blir i hovedsak forklart – av forsker Evelyn Forger, som i ettertid har sett på den sosiologiske effekten – med nedgang i bilulykker, vold i hjemmet og mentale lidelser. Det at sosioøkonomisk bakgrunn har en sammenheng med volden, er det liten tvil om.»

Barna på slep

Jeg separerte meg i fjor, og med en god dose flaks og tilfeldigheter fikk jeg akkurat kjøpt en

tre-roms til meg selv og mine to barn. Hver måned bruker jeg nå rundt 65 prosent av lønna mi, en lønn som ligger litt under gjennomsnittet i Oslo, til å betale for leiligheten i drabantbyen. Det jeg har igjen må jeg bruke på studielånet mitt, mat og utgifter til barna. Det holder. Men bare så vidt.

Jeg handler det jeg kan brukt, og noen uker betaler jeg mat med Klarna, nåtidens krita. Derfor skriver jeg ikke lenger bare fordi jeg liker å skrive, jeg skriver også for å overleve økonomisk som alenemor. Det har jeg ikke tenkt å være flau over, fordi jeg vet at jeg ikke er alene i dette landet om å måtte ha en ekstra jobb for å betale for tilværelsen. Men jeg eier i alle fall boliglånet mitt. Hver gang jeg har skrevet om boligmarkedet får jeg meldinger fra andre fraskilte mødre som har flyttet rundt fra leiebolig til leiebolig med barna på slep. Det er det også andre som gjør:

– Jeg får meldinger fra aleneforeldre og enslige som må flytte inn i mikroleiligheter der barna ikke vil være hjemme, eller som må flytte fra nettverket sitt. Noen må flytte hjem til foreldrene sine, noen får selvmordstanker på grunn av økonomien, og noen blir værende i dårlige forhold fordi de ikke har råd til å gå fra dem, det uttalte «Helsesista» Tale Maria Krohn Engvik til en sak om boligsituasjonen på leiemarkedet hos E24 denne høsten.

Generasjonskløft og situasjonen på krisesentrene

Det provoserer meg når kvinne 50+ sier ting som «skatt på hytta jo må være veldig usosialt?». Jeg vet ikke helt om de forstår hvor raskende det gjør oss som så vidt klorer oss fast i en primærbolig? For ikke å snakke om alle dem som ikke en gang har det. Det har oppstått en generasjonskløft mellom nordmenn fordi boligpolitikken har blitt en blindsones hvor alle bare kjemper for seg selv og helt glemmer politisk tilhørighet.

På en måte betaler jeg boliglånet mitt med glede, fordi jeg slapp unna skrekkens marked: Leiemarkedet. Der befinner det seg akkurat nå rundt én million nordmenn. I høst kom en analyse fra Norges Bank som viser at av de

omtrent 600 000 husholdningene som leier, har bare 10 prosent høy nok inntekt til å ta opp lån. En enslig helsefagarbeider i deltidsstilling hadde råd til kun 6 prosent av alle boliger i Norge, viser LOs Fagarbeiderindeks fra 2024. Og i byene er markedet enda tøffere enn ellers. I 2015 fikk halvparten av unge i Oslo hjelp av foreldrene til å komme inn på boligmarkedet. I dag gjelder det så mange som to av tre.

«Det er ikke en menneskerett å bo i by», skriver mann 60+ i kommentarfeltet. Og han har på en måte rett, det er det ikke. Men for mange foreldre som skiller seg i dag, har strengere krav om barnefordeling fra familievernkontor, NAV og domstoler gjort det veldig vanskelig å flytte ut av kommunen eller bydelen uten å miste omsorgsretten. Systemet vil sette barnets tilhørighet til nærområdet først, og ofte er det sann at det da er far som blir sittende med styringsrett fordi det oftere er mannen som eier bolig.

Dette rammer også voldsutsatte kvinner med voldsom kraft. Krisesentrene i Norge har over noen år meldt om lengre botid på krisesentrene enn tidligere. Krisesentersekretariatet har sagt at en del av grunnen til dette er boligmangel. De finner ikke et sted å bo, rett og slett. Ofte har disse kvinnene også barn. Når vi snakker om barnefattigdom, er vi nødt til å forstå hvor den kommer fra, jeg tror en stor del av den kommer fra det usosiale boligmarkedet.

Det var bedre før?

Jeg bor i en ganske vanlig leilighet som har vokst tre hundre tusen i verdi på det ene året jeg har bodd her, bare et steinkast unna der besteforeldrene mine fikk flytte inn fra Nord-Norge i 1956 for en slikk og ingenting. Den gangen var drabantbyene i Oslo fortsatt et slags sosialt ørkenlandskap som skulle ta imot rusk og rask fra hele landet.

Etter krigen satte Norge seg ambisiøse mål for boligbyggingen, boligundersøkelser hadde vist at mange barnefamilier spesielt var trangbodde og derfor skulle det bygges større lei-

ligheter til «en sosialt forsvarlig leie», maks 20 prosent av en gjennomsnittlig industriarbeiderlønn (*De tusen hjem*, 1996). Spol 80 år fram i tid og prosentsatsene er snudd på hodet. Om du bor i en storby som Oslo i dag og går på jobb som for eksempel sykepleier, er det ikke usannsynlig at den prosenten du før brukte på å leie, er det du har igjen å leve på totalt når du har betalt for bolig.

En gang i tiden hadde vi en «tredje boligsektor» med ikke-kommersielle, kooperative andelsboliger. En gang i tiden var Husbanken en generell byggelånsbank, ikke bare en slags velferdsetat med et veldig, veldig trangt nåløye. En gang i tiden hadde vi en sosial boligpolitikk som skulle sørge for et mer likestilt samfunn. Det vi har nå er et race mot bunnen som går i susende fart, og det er de mest sårbare blant oss som betaler prisen.

WHO anser bolig som en av de viktigste faktorene for menneskers helse, og at derfor bør boligpolitikken underlegges statlig regulering. I Danmark har de til en viss grad forstått dette. Der er en tredjedel av boligene prisregulerte «andelsboliger» og «almene» boliger. Sånn er det ikke i Norge. I tillegg til at det for mange er umulig å komme seg inn på kjøpemarkedet, bygger vi også smått. Oslo har igjen blitt en trangbodd by, sånn den var den tiden før vi bestemte oss for å løfte boligpolitikken fram som den viktigste sosiale reformen i vanlige folks liv.

Vi må gjenopplive den sosiale boligpolitikken

– Sosialpolitikken er spredt for tynt utover. Det er litt penger på en post og litt på en annen. Da mister politikerne helheten av syne, uttalte leder av FO (Fellesorganisasjonen) Marianne Solberg til Dagsavisen og etterlyste en egen sosialminister (en tittel som har blitt fjerna fra Tonje Brennass nåværende post). Jeg kunne ikke vært mer enig. Øverst på den hypotetiske sosialministerens liste bør boligpolitikken stå.

Det er spesielt mange kvinner som jobber i lavtlønnsyrker i landet vårt. En del av dem ender opp med hel og delt omsorg for barna sine etter et samlivsbrudd. For denne delen av befolkningen er det spesielt vanskelig å finne ut et sted å bo. *Mira Ressurssenter for kvinner med minoritetsbakgrunn* forteller at en del kvinner som kommer til dem sier at de heller velger å bli værende i en dårlig relasjon, fordi de ikke finner et sted å flytte. Om de finner en dyr leiebolig, eller mot formodning kanskje klarer å få seg kjøpt seg en liten leilighet, er prisen å betale vedvarende økonomisk usikkerhet. Levekårsstress påvirker så enormt mye av hvordan du er som menneske, ikke minst som forelder.

Det vet jeg fordi boka mi *Morslinjer* også handler om hvordan det sosioøkonomiske perspektivet ikke er et tillegg til volden mot kvinner, men en integrert del av den. Det blir en form for fortsettellesvold. Boka forteller min mormors historie om vold i nære relasjoner, om å bli alenemor i

en tid der skilsmisser omtrent ikke eksisterte. Men mormor bodde jo i Oslo på 60-tallet, og ble til dels redda av boligpolitikken på den tiden. Hun hadde OBOS, som *fortsatt* var et sosialt prosjekt på den tiden.

Den gangen var det selvsagt politisk at barnefamilier skulle ha et sted å bo. I dag er det å skaffe seg bolig først og fremst et privat anliggende. Det er vårt eget ansvar som privatpersoner. Så da sitter vi der på hver vår tue, og hvis du ikke klarer å oppfylle bolig-ansvaret for deg sjøl, så er du litt mislykka. Da må du sitte med skammen på egen hånd. Det må ta slutt! Å ha et godt sted å bo er mulig for alle i dette landet, om vi kommer sammen om det. Det personlige er fortsatt akkurat like (bolig) politisk.

Vil du lære meir?

Her finn du nokre forslag til bøker, podkastar, rapportar og nettsider som kan gi deg meir informasjon om temaet vi presentert i dette heftet.

- ***Morslinjer. Voldens sildring gjennom tre generasjoner***
av Madeleine Schultz, 2021
- ***Verden brenner og vi skriver om våre barn***
av Madeleine Schultz, 2023
- ***Underskudd – verdien av omsorg***
av Emma Holten, 2025
- ***Outlining a Feminist Housing Policy - Rosa-Luxemburg-Stiftung***

* * *

Abonner gjerne på Leieboerforeningens nyhetsbrev som kjem ut om lag ein gong i månaden, og som inneheld aktuelle saker og nyhetsartiklar om leigesektoren og bustadpolitikk.

Meld deg på her: [Nyhetsbrev](#)

Dersom du vil engasjere deg i Leieboerforeningen, har vi to lokallag i Oslo og fleire lokallag under planlegging i andre kommuner. Ta kontakt med oss på lbf@lbf.no hvis di vil vite meir.

Følg Leieboerforeningen på [Facebook](#) og [Instagram](#).

Fotografier på s. 2:

Khansa Ali, foto: Mira-senteret. Madeleine Schultz, foto: Signe Fuglesteg Luksengard/Cappelen Damm. Cathrine Austrheim, foto: Aleneforeldreforeningen.